



TV4

FELLES ALLE TARIFFOMRÅDE

Kursguide

UTDANNINGSFORBUNDET MØRE OG ROMSDAL
SCANDIC PARKEN, ÅLESUND, 24. SEPTEMBER 2021

Innhold

1. Mål og førebuing	3
Velkommen til kurs	3
Måla for TV4	3
Førebuing til TV4	3
2. Oversikt over kurset	4
Opplegget	4
Timeplanen	4
Kursleiarar	4
Praktisk informasjon	5
3. Læremiddel	6
Filmar	6
Årsplan	6

1. Mål og førebuing

Velkommen til kurs

TV4 er det fjerde og siste kurset i grunnopplæringa for nye arbeidsplassstillitsvalde i Utdanningsforbundet.



Du må ha delteke på alle kursa for å få grunnopplæringa godkjend.

TV4 vert halde fylkesvis og samlar deltakarar på tvers av alle tariffområde. Sidan dette er det siste kurset, skal vi runde av grunnopplæringa med å bruke mykje tid på erfaringsdeling mellom deltakarane. Vi introduserer også to nye tverrgående tema.

Måla for TV4

For TV1-3 er kompetansemåla delte opp etter dei fem kjernetemaa. TV4 bryt med denne forma sidan hovudvekta er lagd på læring gjennom erfaringsdeling. For TV4 gjeld følgjande mål:

Deltakarane skal lære gjennom å dele erfaringar om utfordringar dei har møtt som arbeidsplassstillitsvalde knytta til medråderett, profesjon og klubbarbeid.

Deltakarane skal få innsikt i korleis dei kan jobbe strategisk i klubben og bruke ein årsplan.

I tillegg tar kurset opp korleis internasjonale utviklingstrekk påverkar nasjonal og lokal politikk.

Førebuing til TV4

På slutten av TV3 fikk de ei oppgåve som skal førebuast til TV4:

I TV4 blir det brukt ein god del tid på erfaringsdeling rundt tre kjernetema: Medråderett, profesjon og klubbarbeid.

Før kurset skal du ta nokre minutt og tenkje igjennom røynsleane *dine* frå arbeid med desse temaa. Noter gjerne stikkord som du tar med deg til kurset. Kanskje er det ei spesiell utfordring *du* har jobba med, som blir teken opp til grundigare diskusjon?

2. Oversikt over kurset

Opplegget

Erfaringsdelinga skjer i tre økter, knytte til tre av dei fem kjernetemaa for grunnopplæringa: medråderett, profesjon og klubarbeid.

Som nemnt er det også to nye tverrgående tema i dette kurset. I det første skal vi sjå på Utdanningsforbundets arbeid internasjonalt og korleis utdanningspolitikk og finansiering av utdanning i Noreg blir påverka av internasjonal politikk og kommersielle interesser.

I det andre temaet skal vi sjå på korleis ein kan jobbe strategisk i klubben. Utgangspunktet er at det i Utdanningsforbundet sin strategiske plan for 2016-2019 står at *arbeidet i heile organisasjonen skal vere målretta og strategisk*. Kva betyr dette for den arbeidsplassstillitsvalde? Vi skal mellom anna sjå ein film som tek opp dette spørsmålet og jobbe med ein case.

Til slutt i kurset vil fylkeslaget ha ei økt om aktuelle saker, både frå fylket og sentralt.

Timeplanen

Tid	Kva skjer?
09.00 – 09.15	OPNING
09.15 – 10.10	MEDRÅDERETT Erfaringsdeling og førelesing
10.10 – 10.25	Pause
10.25 – 11.20	PROFESJON Erfaringsdeling, film og diskusjon i plenum
11.20 – 12.10	Lunsj
12.10 – 12.30	UDF SITT ARBEID INTERNASJONALT Film og diskusjon i plenum
12.30 – 13.25	KLUBBARBEID Erfaringsdeling og diskusjon i plenum
13.25 – 13.40	Pause
13.40 – 15.00	KORLEIS JOBBE STRATEGISK I KLUBBEN Førelesing, film, diskusjon i plenum og casearbeid
15.00 – 15.15	Pause
15.15 – 16.00	AKTUELLE SAKER OG AVSLUTNING

Kursleiarar

Kursleiarar på kurset er fylkeslaget

Praktisk informasjon

De har rett til permisjon med lønn for å delta på kurset. Sjå informasjon i innkallinga til kurset.

Til kurset skal du ta med PC eller nettbrett.

3. Læremiddel

I TV4 er det, i motsetnad til dei tre første kursa i grunnopplæringa, få læremiddel: ingen dialogdukar og ingen digitale verktøy som de skal jobbe med. Men noko er det. Kanskje får de også ein ny repetisjonsquiz i Kahoot...

Filmar

Vi vil vise tre filmar i dette kurset, ein om profesjon, ein om Utdanningsforbundet sitt arbeid internasjonalt og ein om korleis jobbe strategisk i klubben. Filmane er tilgjengelege for dykk på nettsidene for tillitsvaldopplæringa etter kurset.



Frå filmen om profesjon



Frå filmen om arbeid internasjonalt



Frå filmen om å jobbe strategisk

Årsplan

Vi skal introdusere dykk for årsplanen som eit verktøy for arbeidsplassstillitsvalde. Det er mange variantar av årshjul/årsplanar i forbundet. Vi har laga ein enkel mal til årsplan i eit Word-dokument som også har med eit døme og utfyllande kommentarar til dei ulike arbeidsområda.

ARBEIDSMRÅDE	AUG	SEP	OKT	NOV	DES	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN
SAMARBEID MED LEDER, MEDBESTEMMELSE	Møteplan med leder	Gjennomgang av HA	Avtale info rutiner						Disponering av rammetider neste år		Evaluere samarbeidet
ORGANISASJONS-ARBEID	Medlems- verving	Kurs- og møteplaner	Ajourføre medlemslister		Evaluere halvåret	Forb årsmøte i lokallaget			Valg i klubben		Evaluere halvåret
ØKONOMI	Budsjett-justering		Budsjett neste år			Regnskap			Innkjøp læremidler, inventar mv neste år	Senior-tiltak	Budsjett høsten
LØNN OG FORHANDLINGER		Lokale forhandlinger									Arbeidstid (skole)
BEMANNING, TILSETTING, OPSISJELSE, OVERFØRING	Bemannings-planer				Draffe behov for endringer i stillinger og kompetanse	Oppsigelser, overføringer	Utsysninger, delta i tilsettingsprosesser				
KOMPETANSE OG ETTERUTDANNING				Kompetansekartlegging		Vurdere behov for etterutdanning mv			Plan for kompetanseutvikling		
AKTIVITETSPLANER PÅ ARBEIDSPLASSEN	Aktivite- planer høst				Aktivite- planer vår		Ferieplaner		Timeplanlegging (skole)	Årsplan for aktiviteter	



UTDANNINGS
FORBUNDET